

# Informasjonsskriv til tilsette – 20. mars 2020



Volda  
kommune

## **Kjære medarbeidar i Volda kommune,**

Sidan 12. mars har vi hatt ein heilt spesiell situasjon. Koronaviruset har utløyst drastiske nasjonale tiltak som har verknader på oss som enkeltindivid, kommunen som organisasjon og heile samfunnet.

Vi har på rekordtid etablert ei stabil kriseorganisering som er fullt operativ. Vi har daglege møte i kriseleiinga for avklare status og vurdere tiltak. Det vert lagt ut pressemeldingar dagleg med etterfølgjande pressekonferansar. Vi er heldige som har ein god organisasjon med dyktige medarbeidarar på alle postar. Dette er viktig til dagleg, men det er i krise vi verkeleg ser kor godt organisasjonen vår fungerer.

Det er stor velvilje i organisasjonen. De som er tilltisvalte viser fleksibilitet og tek ansvar. Eg vil rose alle for den ansvarshaldninga de viser i denne situasjonen vi no er inne i, der de utan varsel berre har måtta omstilt dykk og finne løysingar. Dette gjeld både deg som tilsett og du som er leiar.

No som vi ikkje har normal drift, der m.a kino, bibliotek er stengt og barnehagane driv eit svært avgrensa tilbod, så har vi tilsette som i større eller mindre grad er fritekne for sine daglege oppgåver og kan stå klar til å ta over andre viktige oppgåver når det melder seg.

Volda kommune har så langt takla situasjonen godt. Vi har eit fantastisk helsevesen og eit legekorp som gir innbyggjarane god sikkerheit. Det tek på energien at situasjonen med viruset er så usikker. Vi må vere budde på at dette kan verte ein maraton med ei løype der vi ikkje kjenner verken terrenget eller lengda. Vi må som organisasjon og samfunn stå saman gjennom felles dugnad. Ei slik krise vil uansett vare berre ei periode, og vi skal attende til ein normal situasjon.

Ta vare på deg sjølv, dine kollegaer, familie, naboar og vener. Vis omsorg for kvarandre og følg råda for å unngå å verte smitta og såleis unngå å smitte andre.

Vi rettar no fokus mot dagleg drift, men er klar for å ta dei grepa som er nødvendige for å takle utviklinga framover. Vi kan vere glade for at vi bur i eit land som har alle føresetnader for å kunne kome gjennom denne krisa og få landet opp og gå att.

God helg!

**Beste helsing**  
**Rune Sjurgard**  
**Kommunedirektør**